



KVINNHERAD
K O M M U N E

Ordfører

Nærings- og fiskeridep. v/fiskeri- og havministeren

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Hilde Enstad	906 80 352	2023/35-96		06.10.2023

Obligatorisk småbåtregister - framlegg om lokalisering

Kvinnherad kommune viser til Sjøfartsdirektoratet si utgreiing om «Obligatorisk småbåtregister», som vart overlevert til fiskeri- og havbruksministeren i september 2023. Me viser særskild til del 2 av utgreiinga: Innretning og plassering.

Samstundes viser me til regjeringa si overordna målsetjing om å leggja til rette for vekst og utvikling i distriktskommunar i heile Noreg.

Direktoratet si tilråding er å lokalisera registeret i Bergen, der Sjøfartsdirektoratet si avdeling for skipsregistra ligg. Bergen er som kjent ein kommune med høg sentralitetsklasse, og Kvinnherad kommune meiner regjeringa her bør nytta høvet til å lokalisera eit nytt småbåtregister i ein kommune med låg sentralitetsklasse, nettopp i tråd med overordna målsetjingar om distriktsutvikling.

Kvinnherad kommune føreslår med dette at småbåtregisteret såleis bør vurderast lagt til vår kommune. Me har trong for fleire varierte arbeidsplassar for lettare å kunna nå målet vårt om ei positiv folketalsutvikling, og har tilgang til god kompetanse på området.

Kvinnheradsamfunnet har lange og rike tradisjonar med alt frå bygging til aktiv bruk av mindre farty, både til næringsverksemd og rekreasjon.

I tillegg har me gode kommunikasjonar med snøggbåt til Bergen sentrum, noko som vil gjera det enkelt med samhandling internt i Sjøfartsdirektoratet. Ei avdeling under direktoratet plassert i Kvinnherad vil derfor etter vårt syn i praksis ha «gangavstand» til avdelinga i Bergen.

I Kvinnherad vil direktoratet få sær konkurransedyktige kostnader for leige av lokale, og ein kommune som vil strekkja seg langt for å leggja til rette for direktoratet si verksemd.

Både Husnes og Rosendal kan vera eigna stader for lokalisering av registeret. Begge stader er det båtsamband direkte til Bergen sentrum, tilrettelagde for både pendling og arbeidsreiser.

Me håpar med dette at direktoratet vil vurdere Kvinnherad som mogleg lokalisering for eit nytt småbåtregister, og stiller oss til rådvelde for både drøftingar og konkrete vurderingar av moglege lokale m.v.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Hilde Enstad
Ordfører

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.